

Meland kommune
Postboks 79

5906 FREKHAUG

Tilskottsbrev for 2018 - Tilskott til leirskoleopplæring - Meland kommune, org.nr. 951549770

Statsbudsjettet for 2018 vart vedteken i Stortinget i desember 2017.

Vedtaka går fram av Stortinget si behandling av Innst. 12 S (2017 – 2018) og Prop. 1 S (2017 – 2018) for Kunnskapsdepartementet.

Tilskottsordning til leirskoleopplæring

Som det går fram av opplæringslova § 2-3, første lekken, kan ein del av undervisningstida nyttast til leirskoleopplæring. Med leirskoleopplæring meiner vi i denne samanhengen leirskoleopplæring ved ein bemanna leirskole eller annan aktivitet med varigheit på minst tre overnattingar i samanheng. Med «annan aktivitet» meiner vi her til dømes ekskursjonar eller turar som er ein del av grunnopplæringa.

Formålet for tilskottsordninga er å stimulere kommunane til å gje alle elevar eitt leirskoleopphald i løpet av grunnskolen. Det er kommunane som er tilskottsmottakarar i ordninga, og målgruppa er elevar ved kommunale grunnskolar, samt elevar ved institusjonar der fylkeskommunen har ansvaret for grunnskoleopplæringa.

Registrering av leirskoleopplæring utgjer ein del av rapporteringa i GSI - Grunnskolens Informasjonssystem, jf. fane I-Diverse, radene 7-9.

For at eit leirskoleopphald skal kunne danne grunnlag for registrering i GSI, og for tildeling av tilskott til kommunen for leirskoleopplæring, må følgjande kriterium vere oppfylte:

- Opphaldet må strekkje seg over minst 3 overnattingar i samanheng, med leirskoleopplæring i minimum 4 dagar med minst 5,5 klokkeimar med opplæring per dag.
- Kvar elev kan registrerast i GSI som leirskoleelev berre ein gong i løpet av eleven sine 10 år i grunnskolen.

Tilskott til leirskoleopplæring i grunnskolen blir løyvd frå kap. 225 post 66 i Statsbudsjettet, og samla budsjettløyving for 2018 utgjer 52,863 mill. kroner.

Vi viser til nærare informasjon om tilskottsordninga til leirskoleopplæring på Utdanningsdirektoratet si nettside <https://www.udir.no/om-udir/tilskudd-og-prosjektmidler/midler-kommuner/tilskudd-til-leirskoleopplaring/>.

Tilskottsberekning for 2018

Som det går fram av vår nettsideinformasjon om tilskottsordninga, er det Utdanningsdirektoratet som frå og med 2018 beregnar, tildeler og utbetalar tilskott til kommunane for leirskoleopplæring. Tilskottet til den enkelte kommune blir berekna på grunnlag av kommunane si rapportering av leirskoleopplæring i GSI pr. 1.10.2018.

Tilskottet for 2018 gjeld gjennomført leirskoleopplæring våren 2018 og hausten 2018, jf. det som går fram av GSI-statistikken pr. 1.10.2018.

Som det er opplyst i hjelpeteksten i GSI for registrering av leirskoleopplæring, er det viktig å merke seg at kvar elev kan kun registrerast 1 gong i løpet av sine 10 år i grunnskolen. Det er kommunen sitt ansvar å sjå til at registreringa av leirskoleopplæring i GSI fyller vilkåra for tilskottsordninga, og at innrapportert elevtall for leirskole gir grunnlag for tilskottstildeling.

Tilskott til leirskoleopplæring blir berekna per halvår. Fordelingsfaktoren for tilskott til leirskoleopplæring er 22 leirskoleelevar pr. tilskottsgruppe.

Heile budsjettløyvinga til leirskoleopplæring for 2018, 52,863 mill. kroner, blir fordelt på den samla summen av kommunane sine tilskottsgrupper i 2018. På grunnlag av kommunane si registrering av leirskoleopplæring i GSI for 2018 gir dette ein tilskottssats på kr 19.622,- pr. tilskottsgruppe i 2018.

Tilskott for våren 2018 og hausten 2018.

Tilskottet for våren 2018 baserer seg på den enkelte kommune sitt samla tal for leirskoleelevar våren 2018 i GSI-statistikkens fane I-Diverse, rad 9. Etter at vi har omrekna elevtalet til tilskottsgrupper à 22 elevar, er talet på tilskottsgrupper multiplisert med tilskottssatsen pr. gruppe for berekning av tilskottsbeløpet til den enkelte kommune for leirskoleopplæring våren 2018.

Tilsvarende tilskottsberekning er gjort for hausten 2018, basert på den enkelte kommune sitt samla tal for leirskoleelevar hausten 2018 i GSI-statistikkens fane I-Diverse, rad 7.

Vedtak om tilskottstildeling til Meland kommune for 2018

På grunnlag av Meland kommune si GSI-registrering pr. 1.10.2018 av leirskoleopplæring for våren 2018 og/eller for hausten 2018, har Utdanningsdirektoratet berekna følgjande tilskott til Meland kommune for 2018:

Grunnlag	Antall/sum	Periode	Sats	Beregnet tilskudd
Beregnet tilskudd	3,00	Jan-Des	19 622,40	58 867,00
Totalt:	3,00			58 867,00

Tilskottet er innvilga som eit samla tilskott til leirskoleopplæring for 2018 til Meland kommune og blir utbetalt til kommunen sin bankkonto 15031883722 i løpet av desember 2018.

Sjå vedlegg til tilskottsbrevet for oversikt over tal på elevar og grupper per semester.

Andre vilkår for tilskottstildelinga

Tilsegnet om tilskott er gjeve med atterhald om at Stortinget kan vedta endringar i Statsbudsjettet for kap. 225 post 66 – Tilskott til leirskoleopplæring for budsjettåret 2018.

Vi krevjer ikkje at Meland kommune skal gje oss annan rapportering om leirskoleopplæringa enn det som går fram av Grunnskolens informasjonssystem (GSI). Men kommunen er pliktig til å oppbevare rekneskapsmateriell og annan dokumentasjon for leirskoleopphaldet, for eventuell kontroll.

Utdanningsdirektoratet kan kontrollere at midlane blir nytta i samsvar med vilkåra i § 10 i Bevilgningsreglementet. Riksrevisjonen kan krevje innsyn hjå tilskottsmottakarar for å kontrollere at tilskottet blir nytta etter føresetnadene, jf. § 12 tredje ledd i Lov av 7. mai 2004 om Riksrevisjonen.

Dersom Meland kommune ikkje har gitt riktige opplysningar, har brukt midlane i strid med føresetnadene, eller på annan måte har brote vilkåra for tilskottet, kan Utdanningsdirektoratet halde tilbake tilskott eller krevje det tilbake. Ved feil i utrekning eller i utbetaling av tilskottet kan det gjerast avrekning i påfølgjande tildelingar, eller tilskott kan krevjast betalt tilbake til Utdanningsdirektoratet.

For regelverk og annan informasjon viser vi til Utdanningsdirektoratet si nettside www.udir.no

Med helsing

Bjørn Erik Rasmussen
avdelingsdirektør

Svanhild Øvrebust Krohn
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent.